

Delavtale mellom

XX kommune og Helse Førde HF

Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

Avtale om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga

1. Partar

Avtalen er inngått mellom XX kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 8:
(Avtalen skal som eit minimum omfatte): «samarbeid om jordmortenester»

Avtalen har vidare sin bakgrunn i spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd 1. setn:
«De regionale helseføretakene skal sørge for at det inngås samarbeidsavtaler som nevnt i helse- og omsorgstenesteloven § 6-1»

Avtalen er og heimla i rammeavtalen mellom XX kommune og Helse Førde, jfr pkt. 4 i rammeavtalen.

Helseføretaka sitt ansvar for følgjeteneste (inklusive beredskap) frå 01.01.10 og endringar i fødetilbodet i Nordfjord og Sogn utløyser og eit behov for avtaleregulering av samarbeidet mellom Helse Førde og kommunane.

3. Føremål

Denne delavtalen har som føremål å understøtte intensjonane i samhandlingsreforma og i Stortingsmelding nr. 12 (2008-2009) "En gledeleg begivenhet, om en sammenhengende svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg". Vidare skal avtalen sikre at tilboda er i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar i rettleiaren "Kvalitetskrav til fødselsomsorgen". Avtalen skal følgje opp områdeplan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i Helse Førde.

Avtalen skal gje naudsynt avklaring av ansvars- og oppgåvefordeling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta og tilrettelegge for samarbeid som sikrar forsvarlege tenester, herunder tilstrekkeleg tilgang på jordmorkompetanse.

4. Overordna ansvarsfordeling

Kommunen har ansvar for svangerskapsomsorg og oppfølging etter fødsel (etter utskrivning frå sjukehus). Helseføretaket har ansvar for tilbodet i samband med fødsel og følgjeteneste, inklusive beredskap.

5. Kvalitetssikring av tenestene

For å sikre god kvalitet og kontinuerleg utvikling av tenestene, skal partane samarbeide om fagleg oppdatering, vedlikehold av kunnskap og fagutvikling.

Partane skal i fellesskap utvikle eit sett med kvalitetsindikatorar som vert gjort tilgjengelege gjennom Samhandlingsbarometeret. Eit opplegg for brukarundersøkingar skal inngå som ein del av kvalitetsmålinga.

Kommunen sitt ansvar

1. Kommunen skal syte for naudsynt samarbeid, arbeidsdeling og kommunikasjon mellom fastlege, jordmor og helsestasjon.
2. Kommunen skal ha retningsliner som er samordna med helseføretaket, slik at gravide med spesielle behov blir ivaretekne (t.d. gravide med rus-, psykiske- eller psykososiale problem og gravide med komplikasjonar i svangerskapet).
3. Jordmortenesta i kommunen skal kjenne til seleksjonskriteria for gravide.
4. Kommunen skal sikre informasjonsflyt inn til helseføretaket. Dette skal skje ved elektronisk kommunikasjon når det er tilrettelagt for det. Datatryggleik skal ivaretakast.

Helseføretaket sitt ansvar

1. Helseføretaket må ha retningsliner som er samordna med kommunen, slik at gravide med spesielle behov blir ivaretekne (t.d. gravide med rus-, psykiske- eller psykososiale problem og gravide med komplikasjonar i svangerskapet). Helseføretaket tek initiativ i høve etablering av samordna rutinar.
2. Helseføretaket skal ivareta sitt ansvar for utdanning/vidareutdanning av personale for å sikre kvaliteten i tenestene.
3. Helseføretaket skal gi kommunane fagleg oppdatering, m.a. ved fagutviklingsjordmor.
4. Helseføretaket må sikre informasjonsflyt ut til kommunen. Dette skal skje ved elektronisk kommunikasjon når det er tilrettelagt for det. Datatryggleik skal ivaretakast.

6. Samhandling og informasjonsutveksling

Kommunen og Helse Førde HF skal vektlegge utvikling av felles ordningar som sikrar naudsynt samhandling og informasjonsutveksling. Elektronisk helsekort, føde- og barseljournal er sentrale virkemiddel for god samhandling. Det er eit mål at både kommunane og helseføretaket er knytt til Norsk helsenett og utviklar elektronisk kommunikasjon. Kommunen må være tilgjengeleg for telefonkontakt frå helseføretaket.

Kommunen sitt ansvar

1. Helsekortet er det viktigaste kommunikasjonsmiddelet mellom dei ulike omsorgsnivåa. Alle behandlarar pliktar å skrive funn og viktige meldingar på helsekortet.
2. Jordmor i kommunen og fastlege har ansvar for at helseføretaket får relevant informasjon om den gravide, dersom ho ikkje motset seg dette.
3. Kriteria for kven som skal tilvisast til helseføretak skal vere kjent av jordmor og fastlege. Jordmor i kommunen kan tilvise direkte til spesialisthelsetenesta.
4. Interne rutiner og retningsliner i kommunen skal vere tilgjengelege på internett.
5. Kommunen nyttar eige avvikssystem. Avvik som gjeld samhandlinga mellom partane skal meldast inn i felles avviksordning (jfr rammeavtalen).

Helseføretaket sitt ansvar

1. Helsekortet er det viktigaste kommunikasjonsmiddelet mellom de ulike omsorgsnivåa. Alle behandlarar pliktar å skrive funn og viktige meldingar på helsekortet.
2. Tilvisande instans i kommunen og fastlege skal ha epikrise fra helseføretaket, med mindre kvinna set seg i mot dette.
3. Jordmor i kommunen skal ha epikrise i dei tilfella fastlege er tilvisande instans, dersom ikkje kvinna set seg i mot dette.
4. Helseføretaket skal syte for at helsestasjonstenesta og jordmortenesta så raskt som mogeleg etter fødsel får fødselsrapport. Rapporten skal sendast som A-post første virkedag etter utreise.
5. Helseføretaket skal ta telefonkontakt med jordmor og/eller helsestasjonen når det er viktig å overbringe informasjon raskt.
6. Interne rutiner og retningsliner i helseføretaket skal vere tilgjengeleg på internett.
7. Helseføretaket nyttar eige avvikssystem. Avvik som gjeld samhandlinga mellom partane skal meldast inn i felles avviksordning (jfr rammeavtalen).

7. Samarbeidsarenaer

Partane er samde om følgjande samarbeidsarenaer:

- Det skal gjennomførast eitt fast fellesmøte per år mellom jordmødrene i kommunane og fødeavdelinga i Helse Førde. Begge partar har ansvar for å kome med innspel til agenda, helseføretaket har ansvar for å sende ut møteinnkalling og skrive referat.
- Det skal gjennomførast eitt fast fellesmøte per år mellom leiarar av helsestasjonstenesta og fødeavdelinga/overjordmor. Begge partar har ansvar for å komme med innspel til agenda, helseføretaket har ansvar for å sende ut møteinnkalling og skrive referat.

8. Kompetanseutvikling og hospitering

Partane skal iverksette tiltak som skal bidra til kompetanseutvikling og kjennskap til kvarandre sine verksemder.

Kommunen sitt ansvar

1. Kommunen skal ivareta sitt ansvar for utdanning/vidareutdanning av personale for å sikre kvaliteten i tenestene.
2. Jordmødrene i helseføretaket skal inviterast når det blir gjennomført fagleg relevante kurs i kommunen.
3. Alle jordmødrer i kommunen som ikkje er knytt til fødeavdeling skal hospitere minst ei veke kvart år ved fødeavdeling.
4. Det skal leggjast til rette for at jordmødrer i helseføretaket skal kunne hospitere i kommunen.

Helseføretaket sitt ansvar

1. Helseføretaket skal ivareta sitt ansvar for utdanning/vidareutdanning av personale for å sikre kvaliteten i tenestene.
2. Jordmødrer i kommunen skal inviterast til fagleg relevante kurs i helseføretaket.
3. Fødeavdelinga skal ha eit fagleg program å tilby hospitanten.
4. Jordmødrer i føretaket skal ha høve til å hospitere i kommunen.
5. Perinataalkomitéen i Helse Vest Nord arrangerer tverrfagleg fagdag kvart år.

9. Desentraliserte og differensierte tenester

Det skal leggjast til rette for å følgje opp intensjonane om desentraliserte tenester som er differensierte og tilpassa til behovet i regionar og enkeltkommunar. Det skal inngåast eigne særavtalar om lokale tenester knytt til svangerskap, fødsel og barsel i desse regionane:

- Nordfjord

Helseføretaket og kommunane inngår samarbeid og set i verk «God start»-eininga ved Nordfjord sjukehus. Kommunane bidreg med kjøp av jordmorstillingar i avtalt omfang. Der kommunane har jordmor i 100 % stilling bidreg kommunane med si tidlegare følgjeteneste inn i systemet.

Eininga organiserer følgjetenesta for kommunane i Nordfjord. På vekedagar er det tilgjengeleg jordmor på Nordfjord sjukehus og anten ytre eller indre Nordfjord. I helgane er det jordmor stasjonert ved eininga på Nordfjord sjukehus. Det er då høve til innlegging ved eininga om det ligg føre behov for det.

For delar av Bremanger kommune skal følgjetenesta organiserast gjennom etablert vaktordning i Flora kommune og helseføretaket vil dekke deler av beredskapskostnadene i denne ordninga.

Ved Nordfjord sjukehus skal det vere tilbod om barselopphald og innlegging i påvente/avklaring av fødselstart. Det skal vidare vere poliklinisk tilbod med amnepoliklinikk og barselpoliklinikk. Barnepoliklinikk er knytta til tilbodet.

Det samla tilbodet ved senteret er avhengig av at kommunane inngår skriftlig særavtale som inkluderer kjøp av jordmortjenester.

- Sogn

Kommunane Luster, Sogndal og Leikanger har organisert følgjeteneste og har tilsett jordmødrer. Føretaket vil inngå skriftleg særavtale om dekking av kostnadene til beredskap i denne ordninga.

Ved Lærdal sjukehus vert det oppretta ei «God start»-eining som organiserer følgjetenesta for kommunane Lærdal og Årdal. Årdal kommune bidreg med jordmor inn i ordninga, Lærdal kjøper jordmortjenesta frå Helse Førde. Begge disse jordmødrene inngår i vaktordninga. Ein organiserer da eininga med barselopphald og poliklinikkar i tillegg til følgjetenesta. Det må inngåast skriftlege særavtalar med kommunane om dette.

- Sunnfjord og ytre Sogn

Flora kommune har organisert følgjeteneste frå tidlegare, Helse Førde vil dekke den delen som tek i vare beredskap for delar av Bremanger kommune. Det må vurderast nærare om fødande i delar av Flora kommune vil ha slik avstand at føretaket har plikt til å opprette følgjeteneste.

For resterende delar av Sunnfjord og for kommunane Hyllestad, Høyanger og Balestrand vil føretaket organisere ei beredskapsordning frå Førde sentralsjukehus, der jordmor kan imøtekøyre kvinnene i fødsel. Ein styrker såleis vaktordninga slik at ein alltid har jordmor tilgjengelig til følgjeteneste. Det er ikkje lokale jordmor-ressursar tilgjengelig for å organisere ei desentral vakt.

For kommunane Gulen og Solund, der fødselstalet er lågt, vil ein ha tilbod om at dei gravide kan innleggjast i påvente av fødsel i Førde, forøvrig tilbod om imøtekøyring av jordmor frå FSS.

10. Følgjeteneste

Helse Førde HF har ansvaret for beredskap og følgjeteneste for gravide og fødande. Behovet for følgjeteneste skal vurderast når reisetida mellom bustad og fødeinstitusjon er meir enn 1,5 time. Følgjeteneste kan utførast av jordmor og/eller lege med tilstrekkeleg oppdatert fødselskompetanse.

Helseføretaket vil tilrettelegge beredskaps- og følgjetenesta i samarbeid med kommunen.

Det skal inngåast eigen særavtale med kommunar der det kan vere aktuelt med følgjeteneste, som skal vere ein del av avtalane omtalt i pkt 9.

11. Kjøp av tenester

For å etablere gode, forsvarlege løysingar skal det tilretteleggjast for at partane kan kjøpe tenester av kvarandre, dersom dette er føremålstenleg.

12. Forholdet til rammeavtalen

Føresegner i rammeavtalen gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

13. Handtering av usemje

Ved usemje skal partane følgje reglane i rammeavtalen.

14. Misleghald

Dersom ein av partane mislegheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekket av den som mislegheld avtalen.

15. Innsending av avtalen til Helsedirektoratet

Etter at avtalen er signert av begge partar, skal Helse Vest RHF sende kopi av avtalen, iht. helse- og omsorgstenestelova § 6-1 til Helsedirektoratet. Dette skal skje innan ein månad etter at avtalen er inngått, og seinast ein månad etter utgangen av frist fastsett med heimel i § 6-3.

16. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.07.12, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamnleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

Dato,

Dato,

XX kommune

Helse Førde HF